

Vår saksbehandlar:
Bente Marit Sæverud

Direkte telefonnr.:
53 42 30 25

Vår dato:
05.09.2014
Dykkar dato:

Vår referanse:
2008/1102-4019997/2014
Dykkar referanse:

Det Kongelige Helse- og omsorgsdepartement
Postboks 8011 Dep.
0030 Oslo

HØYRINGSUTTALE - FRITT BEHANDLINGSVAL I SPESIALISTHELSETENESTA

Bømlo kommune har fylgjande uttale til høyring – fritt behandlingsval i spesialisthelsetenesta, saka har vore behandla i Utval for helse og omsorg 04.09.2014, med samrøystes slikt vedtak:

Bømlo kommune vurderer at den føreslåtte ordninga med "fritt behandlingsval" vil vere eit effektivt middel for å redusere ventetida på naudsynt helsehjelp i spesialisthelsetenesta. Kommunen har likevel nokre merknader:

1. Det er viktig å sikre at det ikkje skjer ei utvikling i retning av meir bruk av spesialisthelseteneste, og mindre ressursar til førebyggjande og helsefremjande arbeid og behandling på lågast effektive nivå. Ei slik utvikling vil ikkje vere berekraftig, og ikkje gi meir helse til befolkninga.
2. Det er fare for at ordninga kan bidra til kompetanseflukt frå offentleg helsevesen til privat helsevesen. Ved konkurranse mellom offentlege og private helsetenester må ein sikre rettferdige vilkår, og ordninga må ikkje føre til ei svekking av dei offentlege sjukehusa. Konkrete tiltak må settast inn for å overvake utviklinga og hindre kompetanseflukt.
3. Dei private helseinstitusjonane bør ha same krav til samhandling rundt enkeltpasientar som dei offentlege.
4. Det må utviklast gode informasjonstenestar om tilbod og ventetider, som kan nyttast av pasientane sjølv, slik at det ikkje blir ei ny administrativ oppgåve som offentleg helsepersonell og fastlegar må ta seg av.
5. Ordninga må ikkje bidra til spreiding av multiresistente bakteriar gjennom auka bruk av behandling sinstitusjonar i land med høg førekomst av slike bakteriar.

Med helsing
BØMLO KOMMUNE

Bente Marit Sæverud
Møtesekretær